

01 Berre kom heim

Vers

Du var longe venta
Ei kjensle av
von, av vinning
av vyrdnad for det vevre hjon

So ein longe lengta
Ei kjensle av
ljøs, av lyd
av leik med livet
som vart bjart

Du var longe venta
Ei kjensle av
sorg, av sakn
av sinne mot mi sut mi borg

So ein longe lengta
Ei kjensle av
tap, av tid
av tungsinn tyngjar

Berre kome heim
so kom berre heim

Refreng

Ein heim som er varm
som er berre din
Ein heim som er bjart
som er ljøs og fin
Ein heim med ein
open og varm kamin

Berre kom heim
so kom berre heim

Ein heim er det
du som skal fengje no
Ein heim som er
stor nok for b  e tvo
Ein heim med ein
inderleg hjartero

Kom heim
kom berre heim

Vers 2

Du var longe venta
Ei kjensle av
lengt, av lyst
av lagnad som seg spelar ut

So ein longe lengta
Ei kjensle av
trong, av tid
av tungsinn lettat

Berre kom heim
so kom berre heim

02 Mamma & Pappa

Refreng

Mamma som eg strevar
Kvar ein dag ei æve
Mamma livet krevar
Kvar ein bit av meg og mi sjel

Vers

Far min mælte støtt til meg
kven vil du vera?

Far min med dei mante ord
ri no rank og so rett

Far min foran meg gjekk vyrd
meg bak so breid ei herde

Far min og meg la visst i veg

Vers 2

Far min mælte støtt til meg
følg alltid hjarta

Far min med dei mante ord
kvar ein kar, følg di ætt

Far min foran meg gjekk vyrd
meg bak dei hine lærde

Far min og meg
la visst i veg

Prerefreng

Men eg seier deg

Hjelp, kjenner meg som ein gut
Og eg trur at eg ikkje held ut
Om eg ber om å fengje omsut
Mor og far eg slepper tak

Hjelp, eg lyt klarar meg sjølv
Og ei tru hjelper ikkje som før
Når eg ber
so er det implisitt
at du lever valfritt
det er arva di bornet mitt

Vers 3

Far min no er eg visst han
med alt eg lærde

Far din skal gå føre no
børa er mann'vit mykje

Far din som so mange før
heilt sidan Adam og Eva

Far min er meg, eg leier deg

Prerefreng

Men eg seier deg

Hjelp, skal du alltid få
Og eg trur at vi saman kan nå
Alt du ber om i livet å få
Mor og far kan sleppe tak

Hjelp er for alltid ei trong
Og med tru fått frå min vuggesong
Når du døyr
so var det implisitt
at du levde valfritt
det var arva di bornet mitt

Refreng

Mamma som eg strevde
Kvar ein dag ei æve
Mamma livet krevde
Kvar ein bit av meg og mi sjel

03 Kairos og kronos

Vers

Å, som tiden går
Vår klokke som den slår
Gamle sår, trange kår
og minner som var går

Gi oss bare ei lise
Kronos svinner bort
kairos er det man trenger

Refreng

Sex, dop, stev og halling
rangling, rus og ralling
Er're det som vil gi kairos for deg?

Og hva så med
slarv og makt, stendig starving
amming av din arving
Og brått så er're kronos igjen

Vers 2

Det var i går
livets vår
dine beste år
Når makta rår
blir det fort som de andre spår

Skjenk i en tår
før man går
fra gård og grunn
En dreng som forstår
En som man attrår

Livet i Midgård
som et får som får
de som forsmår
Med stygge lår
menn som klår og slår
armodskår

Gi oss bare ei lise
Kronos svinner bort
kairos er det man trenger

Vers 3

Å som tida gikk
Vår klokke med sitt tikk
Takk for alt vi fikk
når livet var musikk

Ga oss stendig ei lise
Hvilken valgte du
var det kairos hæll kronos?

04 Mitt livsvitne

Vers

Og der om kvelden såg je ham
dansa, sveva
Midt i en ring, min Adam
håpa, undra

Utifra mengda, bort min tvil
kikka, smila
Så kom han nær, et skjelvent smil
En kime er sådd

Refreng

Der, i hver sin stol
et endestopp
Vår kveldssol
går ned for godt

Du min medpol
vår lange ferd
Ei snøkvit jól
Mitt livsvitne

Sorg er kjærlighetens pris
Toene i et levd liv

Vers 2

Møttest i mørket, hand i hand
dansa, sveva
Sammen vi smidde nye livsband
håpa, undra

Sammen mot verden, blanke ark
kikka, smila
Hemm'lige ønsker i futhark
En kime er sådd

06 Ovmodmood

Gjer du som han Ikaros no då
Flyg altfor, so alt for nærme sola
Nett som han fola blakken
han er god og mett / trett

08 Diaspora

A

Fengje ein heim
som angar av kjend eim
Å, fengde ei reim
som fanga meg
som i ein evig sveim

B

Eit hildrande landskap
i grått og grønt
Mitt hov

A2

Fengje ei utsikt
Kanskje eg finn hon i
ein song, eit dikt
Fengde knapt innsikt
Vel, ein kan
drøyma om å finna slikt

A3

Fengje ei tru
på Rubicon si bru
Å, fengde eit folk
kor vener
dølgjer på ein brutusdolk

A4

Fengje vind frå vest
klokkar er Judas
og med Satan prest
Fengde sol frå aust
ein stad kor skrytet
sit so alt for laust

A5

D'erkje tvil om at eg helst

Fengjer ein heim
som angar av kjend eim
Å, fengjer ein heim
som angar sötleg
av di kjende eim

A6

Fengde alders kvild
sånn stilna all mi tvil
So grågrøn, ven ei øy
Ei heimreis for å døy

10 Blå iris

Refreng

Iris skinner
Minner på blanke netthinner
Hva vil de se
før man forsvinner?
Heppe og uro

Vers

Der i krybba se et barn så trøtt
Nylig ankomme, ja nylig født
Ingen andre i sitt liv har møtt, eller støtt
Åpner øynene så vidt på gløtt

Prerefreng

Og hva vil hun så se?
Hun kaster loss
Heppe og uro
Og alt man kan be
libera nos a malo

Vers 2

Der i kista se et liv så dødt
Snarlig avreise et leie bløtt
Hoc est corpus filii kaldt og rødt
d'er mitt kjøtt
Ligger utmattet så kamptrøtt

Prerefreng 2

Og hva fikk hun så se?
Hun kastet loss
Heppe og uro
Og hjelp det å be?
Libera nos a malo